

# Stjerna

Stjerna i toppen av treet symboliserer stjerna over Betlehem som vismennene såg og følgde for å finne Jesus.

Talet på spissar på stjerna kan ha ulik tyding: Ei stjerne med fire spissar minner om forma til ein kross. Ei stjerne med fem spissar blir kalla eit pentagram. Talet på spissar minner oss om Jesu fem sår på krossen, i hendene, i føtene og i sida. Ei stjerne med seks spissar blir kalla eit heksagram. Dette er Davidstjerna.



# Engel

Visste du at englar som oftast seier «Frykt ikkje?» eller «Ver ikkje redd?»

Det sa dei òg då dei fortalde gjetarane på Betlehemsmarkene at Jesus var fødd. Englane på juletreeet minner oss om Guds nærvære også dei dagane vi er redde, og om den gode budskapet «I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren» (Luk 2,11).



# Julekule


Julekula ser ut som ein liten jordklode og minner oss om at vi er ein del av eit stort fellesskap med ansvar for alt liv på jorda. Vi veit at jorda på mange måtar er like skjør som dei skjøre kulene vi pyntar treet med.

**Vil du dele noko av det du har ved å gi ei gåve til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid?**

**Vipps #2426**



DEN NORSKE KYRKJA



# Julelekkje

Vi høyrer saman slik dei ulike sirklane i ei julelekkje heng saman i kvarandre. Vi er ein del av den verdsvide kyrkja, og også ein del av Guds skaparverk saman med alt som lever på jorda.

I advent og juletida blir vi minna om at vi treng kvarandre og at vi treng fellesskapet.


**Kven treng at du viser nestekjærleik?**



# Lys

Jesus sa «Eg er lyset i verda.  
Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret,  
men ha livsens lys» (Joh 8,12).  
Han sa også «De er lyset i verda».  
Vi treng lyset, og særleg i mørketida.  
Å tenne lys er ein måte å be på.  
Lyset minner oss om at det finst håp.

**Kva vil du tenne eit lys for?**



# Julekorg

For å flette ei julekorg treng ein to typar papir.

**Kva med å flette ei korg med raudt papir og avispapir?**

Avisa frå ein av dagane dette året symboliserer verda vår, avisa kan symbolisere frykt, uro og alt vi strever med.

Det raude papiret er kjærleiken si farge, og minner om at Guds kjærleik gjennomstrøymmer alt.